



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Molde kommune

Dato: 18.05.2020

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Uttale – privat forslag til detaljreguleringsplan Osvegen – Kleive bryggje

Vi viser privat forslag til detaljreguleringsplan for bustader og næring ved Osvegen – Kleive bryggje.

Saka vedkjem blant anna nedbygging av eit 7 da stort areal dyrka mark. Vi har tidlegare meint noko om jordvern eks ved vår uttale 26.10.2014 til arealplana for Molde 2015-2025;

Jordvern

2015 er ikkje berre friluftslivsåret år, men 2015 er også FN's internasjonale år for matjord. Dyrka jord er grunnlaget for all matproduksjon i landbruket, og er ein svært liten ressurs i Noreg. Berre 3 prosent av det samla norske arealet er jordbruksareal og det veldig vanskeleg og dyrt og lage ny matjord. Så boligbehovet i Molde bør dekkast gjennom fortetting framfor nedbygging av matjorda. Dette er også heilt i tråd med vår vedtekte nasjonale mål om at vekst i trafikk skal skje ved auka del kollektiv transport og sykling/andre miljøvenlege transportformar og ikkje ved fire-felts-bilvegsløysingar og nye drabantbyar.

Konkret vil vi her peike på tre fulldyrka areal som er tenkt nedbygd; austlege del av Leirgrovvika gard, jazzcampjordet på Kvam gard og eit 30 da område ovanfor Årønes gard. Ved til dømes Årønes gard har ein attpå alt hatt ein merkverdig saksføring ved at kommunen sjølv (planmyndigheita) har kjøpt eit fulldyrka jordstykke til ein så høg pris (kr 166 pr m²?) at ein skulle tru at området allereie er regulert til utbygging.

Slik vi ser denne konkrete plana som det no er meldt oppstart på, gjeld den nedbygging av matjord og brot på prinsippa i jordvernet. Matjorda skal vi dyrke på og leve av, ikkje byggje ned. Vi kan ikkje fortsette med nedbygging av matjorda slik har gjort til no. Om ein vil bruke ubebygd areal til nye bustader må det ikkje nyttast dyrka mark. Dette prinsippet gjorde vi kommunen merksam på seinast i vår uttale til detaljplanregulering for Rotvoll/Stenrud på Bjørset den 18.02.2019.

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Vi les fylkesstatistikken for 2007 til 2016 at Molde kommune er den nest dårlegaste kommunen i Møre og Romsdal til å ta vare på dyrka jord. Vi håper at Molde kommune ønsker å kome ut av denne stigmatiserande plassen. Vi og andre som bryr seg om jordvernet (som jordvernforeninga) har ikkje kapasitet til å følgje med alle planane som til dei som til ein kvar tid har til hensikt å byggje ned dyrka mark og bryte jordvernet i fylket vårt. For oss blir det tilfeldig og nærmast etter innfallsmetoden dei sakene vi får sett på. Det er på tide at kommunen sjølv gjer ein vurdering av om dette konkrete arealet er rett areal til å byggje ned og kvifor at ein akkurat her vil avvike gjeldande plan for området. For desse 7 da areal er jo avsett til LNF i gjeldande plan, ikkje til boligar. Vi saknar sårt at kommunen gjer ei fagleg vurdering av landbruksinteressene, jordkvaliteten, jorda som naturressurs, jordbank, erstatningsareal og liknande i ein kvar søknad om disponering av areal. Dette må gjerast så tidleg at den som søker får signal så tidleg at ein ikkje kastar bort sine midlar i unødige planleggingstenester.

Ein ting er arealet som omdisponerast, men matjordarealet som blir igjen minkar og får redusert verdi i tillegg. Neste steg er å regulere det også, sidan det har blitt så dårleg. Realpolitikken tilseier difor nedbygging av meir enn 7 da.

Vi saknar i denne saka også ei vurdering av kvifor det skal byggast ut på nett denne staden og ikkje i dei areala i nærleiken som er avsett til boligar? Ein god og målretta oppfølgjing av overordna planlegging (kommuneplan) er jo ein forutsetning for at detaljreguleringsplana skal beholde sin rettskraft og at kommunen kan ivareta sin autoritet som planmyndigheit.

Konklusjon

FNF Møre og Romsdal går imot nedbygging av dyrka mark og rår til at Molde kommune tek ut arealet med dyrka mark i plana for Osvegen-Kleive Brygge. I desse tider med pest og stengte landegrensar må alle ta ansvar for at i framtida treng vi all vår beste jord til å fø oss sjølve.

Med helsing

Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli
koordinator

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal